



Rauma  
kommune

Det kongelige kommunal- og regionaldepartement  
Postboks 8112 Dep  
0032 OSLO

Telefon: 71 16 66 00  
Post- og  
fakturaadresse:  
Vollan 8a, 6300  
Åndalsnes

Stab/støtte  
Besøksadresse: Rauma rådhus,  
Vollan 8

Vår ref: 2008002161 – 4  
Deres ref: 08/2419-1 ORN

Dato: 07.01.2009


## ENDRINGAR I KOMMUNELOVA - HØRINGSUTTALE

Rauma kommunestyre har i møte 16.12.2008 samrøystes vedteke følgjande uttale til forslag til endringar i kommunelova – krav til kjønnsmessig balansert samansetning av styret i kommunalt kontrollerte aksjeselskap:

*Rauma kommune ønskjer å støtte opp om framlegga til endringar i kommuneloven, med krav til kjønnsmessig balansert samansetjing av styret i kommunalt kontrollerte aksjeselskap. Rauma kommune ser det slik at kommunane som forvaltarar av fellesskapets midlar, uansett om verksemda er organisert som eit eige rettssubjekt eller den går føre seg i ein eigen organisasjon, bør ta eit særleg samfunnsansvar for likestilling i desse selskapa. På dette viset vil ein kunne sikre eit likestilt samfunn bygd på prinsipp om lik fordeling av ansvar og plikter mellom kvinner og menn, noko ein ut av dei vedlagte tala i høyringsnotatet ser ikkje er oppnådd i kommunalt heil- eller delåtte aksjeselskap i dag. Ein veit også at ein har hausta gode erfaringar etter det lovbestemte kravet om kjønnsbalanse i statsåtte selskap og ålmennaksjeselskap etter ei lovendring i 2003, og Rauma kommune meiner ein vil oppnå ei tilsvarende positiv utvikling ved å gjennomføre dei framlagte endringane til kommuneloven.*

*Gjeldande spørsmålet om lovendringane for å sikre kjønnsbalanse berre skal gjelde kommunalt heilåtte aksjeselskap, eller også kommunalt delåtte selskap, meiner Rauma kommune at lovendringane må gjelde for alle aksjeselskap der kommunane eig minst 2/3 av aksjane. På det viset unngår ein å gje høve til å unngå kravet ved å ta inn eit lite mindretal av private eigarar for å unngå reglane om kjønnsrepresentasjon. Samstundes er det slik at ein i kommunalt delåtte aksjeselskap har ein tilnærma full kontroll over selskapet med minst 2/3 av aksjane, og at private deleigarinteresser som eig selskapet saman med ein kommune med det må kunne forholde seg til at det gjeld særskilte reglar for kjønnsrepresentasjon i selskapets styre.*

Med hilsen



Andreas Hjertviksten  
kontorsjef

Direkte tlf.nr. 71 16 64 18



Verdens beste kommune for naturglade mennesker!